

-
-
-
-
-
-
-
-
-
-
-

18-åring satsar på å vinna NM i gokart

ERLEND KRISTIANSEN

OPPDATERT: 05.AUG.2016 06:00

PUBLISERT: 04.AUG.2016 22:42



Jonas Bjørge 2.jpg

Tenåring frå Meland hevdar seg i norgestoppen.

Torsdag ettermiddag set 18 år gamle Jonas Bjørge frå Meland kursen for [Sigdal motorsenter i Buskerud](#). Der skal han i helga prøva å ta heim tittelen som Norges beste i gokart-kjøring.

Leiar norgescupen

– Eg håpar jo på å gjera det så bra som mogleg. Hovudmålet er å vinna, men eg er fornøgd om eg kjem på pallen også, seier Bjørge.

I fjor enda han på 4. plass, og i den landsomfattande norgescupen er han på førsteplass etter fire av seks løp så langt i år.

– Gokart er ein sport som krev at du kan halde fokus og konsentrasjon i heile løpet. Har du ein bak deg, så kan den minste feil føra til at du mistar plasseringa di.



Jonas Bjørge 1.JPG
Privat

Bjørge seier at fysisk trening og eit godt kosthald er eit must for å bli god, og at ein ikkje kjem langt ved å berre kjøra mykje gokart. **40 rundar**

På heimebane representerer han Norsk Motorklubb Bergen, der han brukar mykje av tida si på Eikås-bana.

– Det er jo ein litt mannsdominert sport, men det er også nokre jenter som kjører. Det er eigentleg ganske greitt med nokre jenter som kan sette oss på plass av og til.

LES OGSÅ: [Gokart – hobbyen utanom det vanlege](#)

Men parallellar til fritids-gokart og utdrikkingslag vil han ikkje høyra snakk om.

– Det er mange som tenker på utdrikkingslag og det å kjøra på gøy. Men det er ganske annleis, seier tenåringen.

No har han lessa varebilen med gokart, telt og verktøy og er klar for NM-helga austpå.

Kjem Bjørge heilt til finalen blir det 40 rundar på den nylagde asfalten på gokartbana i Sigdal. Det kan ta opp til ein halvtime å gjennomføra.

LES OGSÅ: [Fekk pokémon-bot etter å ha køyrt inn på skysstasjonen i Knarvik](#)

SISTE FRA NYHETER

Abonnement: avisa@strilen.no

Besøksadresse:

Kvassnesvegen 23, 5914 Isdalstø

Postadresse:

Strilen, Kvassnesvegen 23

5914 Isdalstø

Ikkje fått avisa?

Send epost til avisa@strilen.no eller ring Strilen på 56 34 30 30 måndag-fredag kl 08.00-16.00 Laurdag: send SMS eller ring 97 15 10 20


Strilen